

Innspel frå landbruket

mai – juni 2025



Landbruksareal
Rekruttering
Jordvern
Arealpress
Matproduksjon
Framtid
Lønnsend
Beite
LNF-område
Drift
Kulturlandskap
Nedbygging
Konflikt
Klima
Politisk styring
Effektiv drift
Seterlandskap
Nydyrking
Økonomi
Gjengroing
Friluftsliv
Investering
Berekraft
Leigejord
Skog
Drenering

Innhald

Innleiing.....	2
Utsending av digitale innspelsskjema	2
Resultat frå undersøkinga.....	2
Kven kom med innspel?	2
Samandrag av innspela	2
Alle inkomne innspel.....	3
Videre arbeid	5
Vedlegg.....	6

Innleiing

Administrasjonen i Vestnes kommune inviterte i mars 2025 representantar for Rauma og Vestnes bonde- og småbrukarlag og Vestnes bondelag til møte om kommuneplanens arealdel. Tema for møtet var korleis kommunen best kunne sikre medverking frå landbruksnæringa i arbeidet med kommuneplanens arealdel. Resultatet frå dialogmøtet var eit ønske om tilrettelegging for digitale innspel.

Utsending av digitale innspelsskjema

Vestnes kommune utarbeidde eit skjema for digitale innspel med bakgrunn i dialogen med aktørane frå landbruket og vedtekne mål og strategiar frå kommuneplanens samfunnsdel. Lenke til skjema for digitale innspel blei sendt direkte til alle som har søkt om produksjonstilskot i kommunen, til saman 102 mottakarar. Løysinga var open for innspel fram til 23.juni 2025.

Resultat frå undersøkinga

Kven kom med innspel?

Ti aktørar kom med innspel, noko som gir ein svarprosent på 9,8 %. Av desse har fire av ti hovudinntekta si frå landbruket. Vidare svarar åtte av ti at dei driv kombinasjonsdrift med fleire produksjonsgreiner parallelt.

- Grasproduksjon (6 av 10)
- Kjøttproduksjon (6 av 10)
- Skogbruk (5 av 10)
- Mjølkeproduksjon (3 av 10)
- Kornproduksjon (4 av 10)
- Hest (1 av 10)

Samandrag av innspela

Innspela frå landbruket viser ei næring som ønskjer vidare utvikling og matproduksjon for framtida, samstundes som det er eit tydeleg mål å ta vare på gardsbruk og landbruksareal for komande generasjonar. Fleire peikar på moglegheiter for småskala tilleggsnæringar knytt til gardsbruk, mellom anna innan turisme, overnatting, kurs- og konferanseverksemd og «Inn på tunet», som er tilrettelagde velferdstenester i tilknytning til gardane.

Når det gjeld behovet for meir areal, meiner fleire at det finst eit potensial for betre utnytting av eksisterande landbruksareal gjennom tiltak som drenering, grøfting og betre jordleigeavtalar. Samstundes blir det peika på press på landbruksareala i enkelte område, og behovet for å sikre dei areala som finst. Spreidd eigedomsstruktur, låg lønsemd og jord som står ubrukt hos ikkje-aktive eigarar gjer effektiv og miljøvenleg drift utfordrande, men fleire meiner at betre samordning kan gi betre utnytting av dagens areal.

Dei største utfordringane for landbruket i Vestnes er knytt til svak økonomi, låg lønsemd og høge investeringskostnader, noko som gjer rekruttering og generasjonsskifte vanskeleg. Det blir òg peika på press frå bustad- og næringsutbygging på jordbruksareal, og behov for tydeleg politisk styring og aktiv bruk av lovverket for å hindre omdisponering av dyrka og dyrkbar jord.

Klimaendringar blir òg nemnde som ei utfordring for næringa. Vidare viser innspela til fleire lokale og potensielle konflikhtar mellom landbruk og andre arealinteresser, særleg knytte til nedbygging av jordbruksareal, beitebruk i område med friluftaktivitet og bruk av tidlegare seterområde til fritidsføremål.

Alle inkomne innspel

Kva for langsiktig mål har du for utviklinga av din/dine eigedommar?

- Fortsatt kunne drive landbruk vidare frem i tid
- Fortsette med matproduksjon
- Utvikle dette til en god næringsveg
- Ønsker å kunne ha garden som arbeidsplass og inntektskjelde og forvalte eigendommen for framtida.
- Halde jorda i hevd og styrke eige arealgrunnlag ved nydyrking. Legge til rette for at framtidige generasjonar kan drive ein nokon lunde rasjonell husdyrproduksjon dersom dei ønskjer det.
- At kulturlandskapet og skogen blir tatt vare på, på ein god måte for matproduksjon, miljø og klima.
- Utvikle landbruket. Og prøve og holde jorda i hevd
- Markene stelles godt også de gardane som eg leigar.
- Det er lite planta skog her og tenker eg vil heller halde skogen så naturleg som mogleg, samt holde kulturlandskap og beiter i orden.
- Målet er å utvikle og oppretthalde gardens drift på ein berekraftig måte, som gjer den drivverdig i framtida.

Har landbruket i Vestnes kommune som heilheit bruk for meir areal eller kan du sjå for deg at eksisterande areal kan drivast meir effektivt?

- Enkelte område kan nok drives meir effektivt med tanke på utnytting. Mange områder kan vel også dyrkast i dag.
- Begge deler
- Ja
- På Vikebukt er det noko press på landbruksarealet, og me treng i alle fall det me har. Burde ikkje bygge ned meir enn kva som allereie er vedteke.
- Etterspurnad etter jord varierer nok rundt om i kommunen. Eg trur at dagens landbruk i kommunen treng areala, i hovudsak til forproduksjon. Det er i dag ingen ordningar som premierer drift av småe markar, så ein ser ofte at det er desse areala om går ut av drift.
Meir fokus på krav om langsiktige jordleigeavtalar vil gjere det meir interessant å investere i drenering og andre forbetringstiltak på leigejord. Det er ein del jord som kunne vore drive meir effektivt, men dette krev delvis investering i drenering, gjerding og liknande.
- Både og. Det vil koste å dyrke opp og det kan vere usikkert om det vil svare seg økonomisk. Men landbruket kan drivast meir effektivt kostnadmessig. Stadig færre er aktive bønder, dei driv leigejord i tillegg til sin eigen gard. Leigejorda er spreidd over store avstandar, med små lappar her og der, ofte etter gamle munnlege avtalar frå besteforeldra si tid. Det blir då lange

avstandar å køyre både med maskiner og avling, ofte til små areal her og der. Kostnadane blir unødvendig høge, til diesel og maskinvedlikehald. Bøndene burde strukturere kven som slår kva slags leigjord på ein meir rasjonell måte.

- Mykje areal kan brukast meir effektivt ved å fornye areal, grøfte og kalke
- Slik som lønnsemda er i landbruket i dag og slik storsamfunnet verdsett matproduksjon så ser eg ikkje at det kjem til å skje. Og slik det ser ut med halv-drivne marker rundt omkring så kan jo det drivast meir effektivt.
- Det er stor pågang etter areal i enkelte områder

Kunne du tenke deg å drive anna småskala næringsverksemd frå din gard som ikkje går under landbruksformålet? Kva type verksemd kunne det ha vore?

- Ja, innanfor inn på tunet og lokalmat (men det er kanskje under landbruksformål?)
- Vedproduksjon.
- Sagbruk, men det er vel skog?
- Overnatting, turisme, kurs
- Kanskje turisme, kurs og kompetanse, naturopplevingar.

Kva meiner du er dei største utfordringane for landbruket i kommunen?

- Omregulering av dyrka jord til bustadformål. Klima.
- Lønnsemd og fritid
- Personar som kjøper og tileignar seg skog og landbruksareal som ikkje er tenkt til dette formålet. Dette er eit stort problem.
- Dårlig lønnsemd og høge investeringskostnader.
- Økonomien er alt for svak i til dømes saueproduksjonen. Dette går ut over emna til å investere både i bygningar og i jorda på garden. Det er utfordrande å legge til rette for at det skal bli attraktivt å ta over gardsdrifta for neste generasjon.
- Rekruttering, som er dalande. Økonomi, jordbruksavtalene er økonomisk for svake, seinast den for 2025. Og som nemnt i pkt. 4, bøndene kan spare mange kostnader ved å effektivisere fordelinga av leigjord.
- Press på areal der bustadareal og næringsareal blir foreslått lagt til eksisterande jordbruksareal. Kapitalen vinner ofte i slike situasjonar. Klok politisk styring og bruke lovverket er viktig
- Er ikkje så oppdatert i den tradisjonelle mat-produksjonen at eg kan ha nokon sterke meningar om det. Men tenkjer at det er for mange som sitter på jord og eigendomar dei ikkje kjem til å nytte, som de heller kunne lagt ut for sal til dei som er interessert i meir jord.?. Og at da var det moglegheiter for ein meir kostnadseffektiv og miljøvennleg drift.
- Mangel på jord, og konflikhtar jordbruk/ friluftsliv. Spesielt i beiteområde. Nedbygging av matjord.

Kjenner du til stader der det er konflikt mellom landbruket og andre arealformål? (t.d bustader, fritidsbustader, anna næringsverksemd eller natur- og friluftsiinteresser?)

- Ikkje større konfliktar. Nokon små som kjem opp i forbindelse med beite og jakt.
- På Vikebukt er no landbruksjorda mellom kyrkja og gamle butikken vedtatt nedbygd. Her i Indre Vike har det vore snakk om omregulering av dyrka jord til bustadformål og hytte/rorbu-utbygging, men eg kjem til å skrive eit eige innspel om det. For oss er det viktigaste at indre Vike forblir eit LNF-område. Eg syns det var urovekkande at eit stort område rundt brua på Vikebukt var avmerka som ""område for fortetting"" i samfunnsdelen. Dette kan ikkje gjelde indre Vike, som er aktivt drive med jordbruk.
- I ein del fjell- og skogområde er det konflikt mellom beiteinteresse og friluftsiinteresser på grunn av at mange vel å sleppe hundar laus i beiteområde trass i at det er bandtvang. Ved etablering av turløyper eller spesielle turmål må ein ta omsyn til dette.
- Riding i trafikk er ofte sett på som irriterande for køyrande og nokon gåande er redde også. Vet ikkje om det er mogleg her, men i andre land er det meir tilrettelagt for mjuke trafikantar åtskilt frå køyretøya.
- Eidhammarsetra er eit eksempel på noko som kan bli eit framtidig problem. Her har kommunen tidlegare gjort om seterstøl til fritidsareal. Her er det aktivt beitebruk både til storfe og sau. Dette er ein viktig beite ressurs. Dette området bør gjerast om at til LNF-område. Om ikkje dette arealet blir brukt til beite vil me få ei gjengroing på området. Opne seterlandskap er og noko som friluftsliv og fritidsaktivitetar vil nytte godt av. Dette vil og gje moglegheit til og starte opp att tradisjonell seterdrift, noko som kan bli meir og meir aktuelt igjen framover.

Videre arbeid

Innspela frå høyringsperioden takast med i det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Vedlegg

Kopi av informasjonen som blei send ut i samband med undersøkinga:

6. mars 2025 vedtok Vestnes kommunestyre kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi.

Hovudmåla i samfunnsdelen er:

1. Gode kvardagsliv

Vi har eit inkluderande lokalsamfunn som fremjar trivsel, meistring og god folkehelse i alle fasar av livet.

2. Verdiskaping og attraktivitet

Vi har ein framtidsretta bustadpolitikk og eit variert og konkurransedyktig nærings- og kulturliv som fremjar bulyst og deltaking i arbeidslivet for alle grupper i befolkninga.

3. Klima, miljø og beredskap

Vi sikrar trygge lokalsamfunn og eit robust livsgrunnlag ved å ta vare på naturen og dei ressursane og tenestene han gir oss.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har også ein arealstrategi som byggjer opp under måla og strategiane i samfunnsdelen. Arealstrategien består av 16 prinsipp som kommunen skal styre etter i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Nedanfor kan du lese nokre av prinsippa som er særleg viktige for landbruket:

- Sikre at spreidd busetnad ikkje bryt opp samanhengande grøntområde, landbruksområde eller blågrøne korridorar.
- Sikre kommunal infrastruktur og leggje til rette for utvikling av gode kommunikasjonsløyser til byane.
- Sikre areal for berekraftig utvikling av landbruk, skogbruk og havbruk.

Heile kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi kan du lese her:

<https://www.vestnes.kommune.no/tenester/administrasjon-og-okonomi/planar-og-styringsdokument/kommuneplan/kommuneplanens-samfunnsdel-2025-2037/>

Kva er kommuneplanens arealdel?

Kommuneplanens arealdel er ein juridisk bindande del av kommuneplanen som fastset korleis areala i ein kommune skal brukast. Den er eit viktig verktøy for å sikre ei langsiktig og berekraftig utvikling av kommunen, og den skal vise samanhengen mellom samfunnsutvikling og arealbruk.

Arealdelen består av:

- Plankart: Viser hovudtrekka i arealbruken, inkludert formål som bustadområde, næringsområde, landbruk, naturvern og liknande.
- Føresegner: Set rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk.
- Planomtale: Forklarer korleis nasjonale mål, retningslinjer og overordna planar blir varetekne i arealbruken

Arealdelen skal:

- Fastsetje kva område som kan byggast ut, og kva som skal vernast.
- Sikre at arealbruken støttar opp under kommunens utviklingsmål, slik dei er definert i samfunnsdelen av kommuneplanen.
- Ivareta nasjonale og regionale interesser i planlegginga

Vi ønsker innspel frå landbruket:

I gjeldande arealdel (frå 2015) samt vedtekne reguleringsplanar, er 640 dekar fulldyrka jord satt av til utbyggingsformål, det aller meste til bustadformål. Korleis bør vi balansere jordvern med behovet for utvikling? Korleis skal vi best sikre areal til ein berekraftig utvikling av jordbruk, skogbruk og havbruk?